



SURNADAL KOMMUNE

Rådmannen

Kultur- og kirkedepartementet

Kulturavdelingen
Postboks 8030 Dep.
0030 OSLO

201

Saksnr. 260665491		Dato 041206	
Møte Ki: -501		Beh.	

Dykkar ref.

Vår ref.
LEM/06/01629-004

Arkivkode
020 C84 &13

Dato
01.12.2006

NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - HØYRING

I og med at høyringsfristen går ut i dag sender Surnadal kommune over ein mellombels uttale til denne høyringa. Kommunen har hatt ei arbeidsgruppe til å vurdere saka, men vi har ikkje fått lagt den fram til politisk behandling før no. Den blir lagt fram for kommunestyret i møte den 7. desember.

Endeleg uttale vil bli ettersendt så snart kommunestyret har fatta sitt vedtak. Vi voner vår uttale blir tatt med i den vidare behandlinga av dette spørsmålet, sjølv om vi er noko seint ute.

Med helsing

Leif Erik Meese
rådmann

Vedlegg: Utfylt spørjeskjema
Kopi av saksframlegg til kommunestyret

Kopi: Arkiv

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- Valgordningene bør være som i dag
- Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttsende organer
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

Dersom statskirkeordninga blir oppheva, så bør kyrkja sjølv ha friedom til å velje kva for ordning dei vil ha på desse områda.

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- Ingen tillegg
- De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- Det humanistiske verdigrunnlaget
- At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- Kommunen
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans: *SURNADAL KOMMUNE*

Type høringsinstans

- Kommune
- Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- Prost/biskop
- Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- Annen offentlig instans
- Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

Den norske kyrkje bør vere rømsleg, lei ope folkekyrkje, og den bør vere inkluderande

2. Den norske kirke som statskirke:

- Bør fortsette
- Bør avvikles
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- Grunnloven
- Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- Lov om trossamfunn
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- Gjennom medlemsavgift
- Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- Vet ikke / ønsker ikke å svare

Saksbehandlar: Leif Erik Meese	
Arkivsaksnr.: 06/01629-003	Arkiv: 020 C84 &13
Saksnr.: 0104/06	Utvalg Møtedato Kommunestyret 07.12.2006

NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KIRKE - HØYRING

Vedlegg:

06/01629-001 I Kultur og kirke departementet
24.04.2006 NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KIRKE

Brosjyre: Om forholdet mellom staten og Den norske kirke.
Spørjeskjema.

Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

NOU 2006:2 - STATEN OG DEN NORSKE KIRKE

(Elektronisk utgave finner ein på internett på adressa:

<http://www.dep.no/kkd/norsk/dok/hoering/bn.html>.

Bakgrunn for saka:

Regjeringa oppnemnde i 2003 Stat-kyrkje-utvalet som fekk i oppdrag å vurdere statskyrkjeordninga. Mandatet dei fekk var å gi eit grunnlag for å treffe avgjer om ein skal vidareføre statskyrkjeordninga eller ikkje, om den skal reformerast eller avviklast. Utvalet skulle også vurdere finansieringsordningar, gravferdsforvaltninga og ordningar for freda og verneverdige kyrkjer. Vurdering av eigedomsretten til kyrkjer, kyrkjegarder og Opplysningsvesenet sitt fond (OVF) var også ein del av utvalet sitt mandat.

Vurdering:

Departementet er særleg opptatt av å få høyringsinstansane sitt syn på dei overordna spørsmåla som gjeld statskyrkjeordninga og den framtidige organiseringa og finansieringa av Den norske kyrkja. For å gjere det lettare for departementet å oppsummere synspunkta i uttalene er det utarbeidd eit skjema som høyringsinstansane er oppmoda om å fylle ut og sende inn saman med uttalen.

For Surnadal kommune sin del blei det oppnemnt ei arbeidsgruppe samansett av ordførar, rådmann og gruppeleiarane i kommunestyret. Arbeidsgruppa meiner debatten som no pågår rundt kyrkja er svært viktig for samfunnet vårt. Den norske kyrkja har i tillegg til forkynninga vore ein viktig møteplass både i sorg og glede. Uttalen er gjeve ut i frå dette grunnlaget. Nedanfor er gruppa sitt synspunkt oppsummert ut i frå spørjeskjemaet:

1. Kva for overordna prinsipp bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?
Gruppa har oppsummert dette spørsmålet med at kyrkja bør vere romsleg, ei ope folkekyrkje og at den bør vere inkluderande.
2. Bør Den norske kyrkja fortsette eller bør den avviklast.
Gruppa sitt syn på dette er at den bør fortsette.

3. I kva for lov bør Den norske kyrkja vere forankra?
Alternativa her var Grunnloven, eigen kyrkjelov eller lov om trusamfunn. Gruppa meiner at Den norske kyrkja bør vere forankra i eigen kyrkjelov vedteken av Stortinget.
4. Korleis bør Den norske kyrkja finansierast?
Av dei alternativ som var lista opp: medlemsavgift med noko offentleg støtte, eller omvendt – støtte frå det offentlege med noko medlemsavgift eller offentleg støtte utan medlemsavgift, meiner gruppa at kyrkja bør finansierast med offentleg finansiering utan medlemsavgift.
5. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkjeordninga vert avvikla?
Bør dei vere som i dag eller bør ein auke bruken av direkte val til dei besluttande organa? Gruppa tok ikkje stilling til desse alternativa, men seier at dersom statskyrkjeordninga blir oppheva, så bør kyrkja sjølv ha fridom til å velje kva for ordning dei vil ha på desse områda.
6. Dersom statskyrkjeordninga blir avvikla, kva bør i tilfelle stå i § 2 (eller i ein annan paragraf) i Grunnlova i tillegg til prinsippet om religionsfridom?
Av dei alternativ som er ramsa opp i spørjeskjemaet sluttar gruppa seg til alternativa om at i tillegg bør vere med dei politiske prinsippa som statsforfatninga bygger på; så som demokrati, rettsstaten og menneskerettane, og at også det kristne og humanistiske verdigrunnlaget må vere med.
7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltninga?
Bør dette vere den lokale kyrkja (sokneråd eller kyrkjeleg fellelråd) eller bør det vere kommunen?
Her meiner gruppa at så lenge ein har ei statskyrkjeordning bør det vere kyrkja sjølv som må ta seg av dette. Om det er nokon som ikkje ønskjer å bli gravlagd på ein kyrkjegard, bør det vere eit kommunalt ansvar å legge til rette for ein alternativ gravplass.
8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga?
Her meiner gruppa at det er kyrkja sjølv som må eige bygga og dei må også ha det økonomiske ansvaret. Gruppa meiner også at Opplysningsvesenets fond må kunne nyttast meir aktivt til drift og vedlikehald av kyrkjebygga, ikkje berre prestebustader. .
Kommunen sin del av finansieringa må i tilfelle avgrensast til den daglege drifta av kyrkjebygga.

Rådmannen si tilråding:

Som uttale frå Surnadal kommune til NOU 2006:2 Staten og Den norske kirke blir det vist til dei synspunkta som kjem fram i saksutgreiinga i 8 punkt.